

Møtereferat

Dato: 15.09.2014

Emne:	Referat frå arbeidsgruppe IA 120914	
Til stades:	Personaldirektør Geir Davidsen, fylkeshovudverneombod Jorunn Bakke Johannessen, hovudtillitsvald Dagmar Hillestad, Hovudtillitsvald Rune Stadsnes, seniorrådgjevar Reidun Eggesbø (NAV), seniorrådgjevar Frode Mannsåker.	
Forfall:	Regionleiar Sissel Øverdal, HMT-sjef Ruth Brudvik	Sak: 2014/16773-6
Møtetid:	12. september 2014 kl. 09.30-11.30	Møtestad: Wigandgården, 8. et., Krinkelkroken

Møteleiar: Frode Mannsåker

Referent: Frode Mannsåker

1. Referat frå møtet i arbeidsgruppa 29.08.14

Referatet var sendt ut på førehand. Reidun peika på ein feil i pkt. 2, vedr. seniorpolitisk IA-mål som skal vere forlenging med tolv månader samanlikna med 2009. Med denne endringa vart referatet godkjent.

2. Gjennomgang av utsende dokument

a) **Arbeidsdokument** frå Jorunn, med forslag til formulering om korleis vi kan styrke lokalt AMU i deira IA-arbeid, samt nokre tankar elles om verneombod, hmt, personal og folkehelse. Reidun sender ei momentliste om AMU og IA-arbeid.

b) **Forslag til veileder for lokale AMU** frå Jorunn.

Dokumentet var drøfta, følgjande moment kom fram:

- nyttig med mal for lokalt IA-arbeid
- god informasjon om lokalt arbeidsmiljø via sluttksamta
- også medarbeidarsamtalar kan gi kunnskap inn i hmt/IA-arbeidet
- viktig å ansvarleggjere regionsleiarane i Opplæringsavdelinga
- generelt viktig at IA-arbeidet skal ligge i linja, ikkje verte ei stab/støtte-oppgåve
- Kvalitetssystemet må fungere betre, alle tilsette må få praktisk tilgang (utstyr, opplæring)
- må gjøre AMU til viktige møte, ikkje rituelle.
- AMU må få framlagt sjukefråværsstatistikk for eininga jamleg, og verte orientert om korleis leiinga generelt følgjer opp sjukmelde
- sjå på rolla til plassstillsvalde, som bør vere med på drøfting av IA i AMU
- utfordre arbeidstakarorganisasjonane i å styrke skolering av plassstillsvalde i IA-arbeid: bruke fylkeshovudverneombodet, HMT-seksjonen, Personalseksjonen, NAV v/Reidun
- systematisk leiaropplæring
- ny teknologi kan fremje utstøyting, viktig med god opplæring.
- eige punkt om kompetanse og ny teknologi i IA-planen
- unngå sjablongtenking om eldre arbeidstakrar, mange har høg kompetanse også innan IKT.

Konklusjon: Jorunn arbeider vidare med ei rettleiar for lokale AMU, saman med HMT-seksjonen.
(NB! Omsetjing til nynorsk underveis).

c) Handlingsplan for IA i HFK 2013, med evaluering sept 2014, frå Frode.

Moment frå drøftinga:

- få med introduksjonskurs for nyttilsette
- må få god statistikk, modulen «HR Analyse» må verte rulla ut i organisasjonen
- nyttig med framskriving av bemanningsstatistikk, for å sjå på utfordringane som kjem
- må gjere statistikk lett tilgjengeleg via predefinerte rapportar

Konklusjon: Frode nytta oppsummeringa ved utarbeiding av ny IA-plan, men slik at meir detaljerte punkt verte tekne vare på i seinare planlegging, til dømes i ein livsfasepolitisk handlingsplan.

3. Framlegg til nytt dokument: Nye mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-18.

Frode hadde sendt ut eit framlegg til disposisjon for det dokumentet som arbeidsgruppa skal leggje fram for HAMU. Disposisjonen vart drøfta.

Sjukefråværsmål: held fram med 5% for heile HFK, men slik at kvar avdeling setter seg sine prosentmål.

Andre moment:

- pkt. 2 kan heitte «Rammer for IA-arbeidet i HFK»
- første bok under pkt. 3 kan heitte «Overordna tiltak»
- bistand frå NAV må kome med i planen
-

Vidare framdrift:

Frode lagar eit utkast til dokument og sender til arbeidsgruppa innan måndag 22. september.

Framlegget vert drøfta i siste møte i arbeidsgruppa 29. september. Deretter skjer endringar og ferdigstilling via e-post («postal handsaming»).

Neste møte: Måndag 29. september kl. 13 – 15, i Fylkeshuset, 6. et., rom 616.